



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Ordfører

Eldrerådet v/ Vidar Ask

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
<b>Hilde Enstad</b>	<b>90680352</b>	<b>2021/9-144</b>		<b>21.12.2021</b>

## Tannklinikken Rosendal - Svar på førespurnad

Takk for engasjementet til Eldrerådet.

Det er viktig for Kvinnherad kommune å ha eit råd som tar initiativ på vegne av innbyggjarane og særleg for den gruppa de har spesielt ansvar for.

Saka om tannklinikken i Rosendal si framtid har med ujamne mellomrom vore gjenstand for diskusjon. Eg hadde møter med helselaga for Uskedalen, Seimsfoss, Rosendal og Løfallstrand om tannklinikken i januar 2020. Den gong var eg i dialog med politisk leiing i Vestland fylkeskommune, det var avtala møter men så vart landet råka av pandemien og alt vart sett på vent.

Tidlegare ordfører Hans Inge Myrvold kom tilbake i april 2020, han vart orientert om og overtok arbeidet eg hadde sett i gong. Det skal ha vore møter med fylkestannelegen utan at eg er orientert om kva som vart drøfta eller konkludert med der.

Eg har skissert problemstillinga for overtannlege Margareth Råen og bedt henne opplyse meg kva som skal til for å få etablert eit anna tannhelsetilbod i Rosendal og helst på Rosendalstunet. (Ho kjenner forøvrig ikkje til at fagpersonalet i tannhelsetenesta har slutta seg til etablering av tannklinikk på Rosendalstunet.)

Det vert hevda at eit fullt utstyrt tannlegekontor er krevjande å etablere og det er svært utfordrande å rekruttere personale til einpersonsklinikkar.

Men ansvaret for strukturen for tannklinikane ligg til fylkestannelegen.

Overtannlegen forsikrer at alle som har krav om hjelp av tannlege skal få det uavhengig av kor ein bur og minner oss om at det er eit fagleg godt samansett team som er lokalisert på hovudklinikken på Husnes.

Med helsing

Hilde Enstad  
*Ordfører*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til: